

BKK AS  
Postboks 7050  
5020 Bergen

## **Innvilga søknad om dispensasjon etter kulturminnelova § 8 første ledd for omlegging av 132 kV kraftledning, gnr. 243, bnr. 6, Oen, Øygarden kommune, Vestland fylke.**

### **Konflikt med Kulturminne ID 299224: steinalderbuplass**

Vi viser til søknad datert 20.01.2025 om omlegging av eksisterande 132 kV luftledning på Oen, gnr. 243 bnr. 6 m.fl., Øygarden kommune, Vestland fylke. Som følge av at Statnett har fått konsesjon til å bygge nye Øygarden 420 kV transformatorstasjon, må BKK bygge ein ny 132 kV koplingsstasjon og omlegge eksisterande 132 kV luftledning. Tiltaket er i konflikt med ein steinalderbuplass, kulturminne ID 299224, som er automatisk freda i medhald av lov 1978 nr. 50 om kulturminner (kulturminnelova) § 4 første ledd.

### **Lovheimel og styresmakt**

I medhald av kulturminnelova § 3 første ledd er inngrep i automatisk freda kulturminne forbode med mindre det ligg føre tillating etter kulturminnelova § 8. Etter forskrift om fastsetting av myndighet mv. etter kulturminneloven § 3 (2) og § 4, har Vestland fylkeskommune mynde til å avgjere om det kan blir gitt slikt løyve eller ikkje, basert på tilrådingar frå Universitetsmuseet i Bergen.

### **Vedtak**

Med heimel i kulturminnelova § 8 første ledd gjer Vestland fylkeskommune følgande vedtak:

I samband med omlegging av eksisterande 132 kV luftledning på Oen, gnr. 243, bnr. 6, gir Vestland fylkeskommune med dette løyve til utilbørleg skjemming ved at luftleidinga passerer over eitt automatisk freda kulturminne, ein steinalderbuplass, Kulturminne ID 299224, gnr. 243 bnr. 6, Oen, Øygarden kommune. Mastepunktet nordvest for kulturminnet skal plasserast innanfor nytt omforent mastepunkt, jf. avmerking (grønt punkt) på det vedlagde kart, datert 20.01.2025.

Dersom det under realisering av tiltaket blir oppdaga eller kjem fram andre automatisk freda kulturminne enn dei tillatinga gjeld for, skal de straks stanse arbeidet i den utstrekning det kan røre desse. De skal varsle Vestland fylkeskommune, jf.

kulturminnelova § 8 andre ledd og vi avgjer så snart som mogleg og seinast innen 3 veker om arbeidet kan fortsette og eventuelle vilkår.

Tillatinga gjeld berre det tiltaket de har søkt om og fell bort dersom tiltaket ikkje er iverksett innan 3 år frå dette brevet er motteke.

### **Vilkår**

Tillatinga blir gitt på følgande vilkår:

- Det er ikkje tillate med nokon form for aktivitet (kjøretøy, maskiner osv.) på, eller i nærleiken av kulturminne ID 299224, 299227 eller 299229 i samband med riving og oppføring av luftleidninga.
- Kulturminne ID 299224, 299227 og 299229 skal, i samråd med Vestland fylkeskommune, gjerdast inn før anleggsstart.

### **Skildring av kulturminnet**

Kulturminnet er spor etter busetting frå steinalder (ID 299224), og ligg i utmark på skrånande flater mellom 13-17 moh. Vegetasjonen består av bergflater med inneklemt område av torvmyr, og spreidd lynghei med enkelte einerbuskar og furutre. Det går fire store kraftlinjer i luft vest for lokaliteten, som kryssar Osundet i lufta mot søraust. Ei av linjene kryssar over lokalitetens sørvestre del.

Lokaliteten er registrert med åtte positive prøvestikk, og er avgrensa av 12 negative stikk og dessutan topografi. Det er samla inn 25 funn frå dei positive stikka, i form av eit retusjert avslag og eit kjernefragment av flint, åtte avslag og ti bit av flint og kvarts, og dessutan fem naturlege flintknollar. Ingen av funna kan typologisk datere lokaliteten. Stratigrafien i prøvestikka er lite varierte, med torv og torvmyr over silt, sand og grusblanda lag med noko stein. I eitt av prøvestikka er det definert eit mogleg kulturlag, dette vart datert til yngre bronsealder, 906–806 kal. f.Kr. (Beta-668495).

Strandlinjekurva for området, og dessutan den vekslande høgda til lokaliteten kan tyde på at flatene er brukt i fleire periodar av steinalderen, og dateringa frå kollaget er tolka som avsviing i samband med utmarksbruk i bronsealder.

### **Skildring av tiltak**

Tiltaket gjeld omlegging av eksisterande 132 kV luftleidning på Oen, gnr. 243 bnr. 6 m.fl., Øygarden kommune. Som følgje av at Statnett har fått konsesjon til å bygge nye Øygarden 420 kV transformatorstasjon, må BKK bygge ein ny 132 kV koplingsstasjon i tilknytning til denne. BKK må derfor omlegge eksisterande 132 kV luftleidning Blomøy - Kollsnes slik at denne i staden går Blomøy - Øygarden. Eksisterande 132 kV ledning frå Osundet vestover til Kollsnes transformatorstasjon er planlagt rive. BKK sitt tiltak er konsesjonssøkt og det er gitt konsesjon parallelt med Statnett sitt tiltak.

BKK sin kraftleidning må gå mellom koplingsstasjonane Blomøy og nye Øygarden, og det har ikkje mogeleg å finne ein alternativ trasé for omlegging av leidninga på grunn av omsyn til både Statnett sine konsesjonsgitte og framtidige kraftleidningar og eksisterande gassrørledning i nord.

### **Universitetsmuseet i Bergen, Universitetet i Bergen uttaler**

Universitetsmuseet i Bergen, Fornminneseksjonen, uttaler at det i dette tilfellet ikkje vil vere nødvendig med ei arkeologisk utgraving på grunnlag av utilbørleg skjemming av

kulturminnet, jf. brev datert 11.02.2025. Dei tilrår:

*"Universitetsmuseet i Bergen, Fornminneseksjonen, tilrår at det blir gitt dispensasjon fra lov om kulturminner § 8, første ledd for Askeladden id. 299224 uten vilkår om arkeologiske utgravinger. Det må ikke skje noe form for ferdsel/maskinkjøring på eller rundt lokaliteten i anleggsfasen, og anbefaler at hele eller deler av lokaliteten markeres fysisk i terrenget."*

### **Grunngiving for vedtaket**

Kulturminneforvaltninga skal verne om kulturminne som ikkje-fornybare ressursar og arbeide for at kulturminneverdiane blir best mogleg tatt vare på og nyttiggjort i eit samfunn i endring. Ein kan likevel gi tillating til inngrep i automatisk freda kulturminne etter ei konkret vurdering av dei kulturminnefaglege verdiane, vege opp mot private og samfunnsmessige omsyn.

I denne saka er det lagt vekt på at nye Øygarden transformatorstasjon er eit samfunnsmessig viktig tiltak, og både BKK og Statnett har fått innvilga konsesjon i saka. Det har vore korrespondanse mellom BKK og fylkeskommunen for å kome fram til den minst skjemmaende løysinga. På grunn av Statnett sine konsesjonsgitte og framtidige kraftleidningar i området og eksisterende gassrørledning var det ikkje mogeleg å unngå at leidinga passerte over kulturminnet (ID 299224). Det er i dag fire luftleidningar sør for kulturminnet, og BKK si leiding som no skal omleggast kryssar over lokaliteten i sørvest. For å redusere den visuelle påverknaden og faren for direkte inngrep i kulturminnet vart BKK og fylkeskommunen einige om at mastepunktet i nordvest vart justert lenger unna. Mastepunktet i konsesjonen låg rundt 20 meter frå kulturminnet, medan det no ligg rundt 46 meter unna.

Etter ei samla vurdering har vi i denne saka innvilga dispensasjon for det tiltaket dykk har søkt om i samsvar med vedtaket over.

### **Forholdet til anna lovverk**

Dersom tiltaket treng tillating etter anna lovverk, må søkar sørge for dette, før tiltaket kan gjennomførast.

### **Framdrift og gjennomføring**

De skal avtale tid for inngjerding i felt av kulturminne ID 299224, 299227 og 299229 med Vestland fylkeskommune, seksjon for kulturarv, i god tid før tiltaket er planlagt igangsett.

Tiltaket skal gjennomførast som vist på vedlagte kart. Mindre endringar eller avvik skal de klarere med oss. Større endringar, som rører kulturminne, treng ny søknad.

Kulturminnemyndigheita avgjer om endringane er større eller mindre.

### **Du kan klage på vedtaket**

Du har rett til å klage på vedtaket. Fristen for å klage er 6 veker frå du har motteke dette brevet, jf. kulturminnelova § 8 første ledd tredje punktum. Du klagar i Digisak. Dersom vi ikkje tar klaga til følge, sender vi den til Riksantikvaren. Dei avgjer saka med endeleg verknad.

### **Har du spørsmål?**

Har du spørsmål kan du kontakte saksbehandlar Heidi Joki på e-post [heidi.joki@vlfk.no](mailto:heidi.joki@vlfk.no)

Venleg helsing

**David J. Sandved**  
seksjonsleiar

**Karoline Hareide Breivik**  
leiar

**Brevet er elektronisk godkjend utan underskrift**

Vedlegg:  
Kart med områdeavgrensning

Mottakar i Digisak:  
Per Ivar Tautra

Kopi til:  
NVE  
Øygarden kommune